



Bremanger kommune

JournalpostID: 23/10698
Sakshandsamar: Hilde Jenssen
Midtbø
Dato: 20.09.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
039/23	Kommunestyret	05.10.2023

Val av kontrollutval i Bremanger kommune for perioden 2023-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Bakgrunn for saka:

Kontrollutval skal veljast i det konstituerande møtet, etter val av formannskap, ordførar og varaordførar.

Kommunestyret 05.10.2023:

Handsaming:

Felles framlegg frå partia, foreslått av Svein Olav Senneset, Venstre
Kontrollutvalet vert samansett slik:

Stig Bakke (KrF), leiar vara: Rune Nordbotten (KrF)
Inger Rise (SP), nestleiar vara: Britt Domben Mulelid (SP)
Steffen Lofnes (H) vara: Per Røys (H)
Leif Erik Senneset (Ap) vara: Irene Storøy (V)
Camilla Landro (Ap) vara: Stian Osmundsen (V)

Ordførar orienterte i saka.

Nils Jørgen Sagebø bad om gruppeleiar møte.

Svein Olav Senneset, V, la fram eit felles framlegg til vedtak.

Det er ønskje at leiar av kontrollutvalet skal vere fast medlem i kommunestyret.

Det vart røysta for framlegget om Stig Bakke (krf) som leiar for kontorllutvalet , med Rune Nordbotten (Krf) som vara - samrøystes vedtak som framlegget

Det vart røysta for framlegg om Inger Rise Hallset (Sp) som nestleiar for kontrollutvalet med Britt Domben Mulelid (sp) som vara - samrøystes vedtak som framlegget.

Det vart røysta over dei resterande medlemmane i kontorollutvalet:

Steffen Lofnes (H) vara: Per Røys (H)

Leif Erik Senneset (Ap) vara: Irene Storøy (V),

Camilla Landro (Ap) vara: Stian Osmundsen (V)

Samrøystes vedtak som framlegget

KST- 039/23 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet for perioden 2023- 2027 vert samansett slik:

Stig Bakke (KrF), leiar	vara: Rune Nordbotten (KrF)
Inger Rise Hallset(SP), nestleiar	vara: Britt Domben Mulelid (SP)
Steffen Lofnes (H)	vara: Per Røys (H)
Leif Erik Senneset (Ap)	vara: Irene Storøy (V)
Camilla Landro (Ap)	vara: Stian Osmundsen (V)

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Kommunelova

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har på vegne av kommunestyret ha eit kontinuerleg tilsyn med forvaltninga i kommunen.

Minst eitt av medlemmane i kontrollutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ.

Det skal veljast 5 medlemmar og 5 varamedlemmar.

Kontrollutvalet kan veljast ved forholdsval eller avtaleval.

Medlemmane i kontrollutvalet skal ha varamedlemmer frå det partiet/gruppa dei høyrer til

Blant dei valde representantane skal det veljast leiar og nestleiar til utvalet, dei skal veljast ved fleirtalsval.

Leiar kan ikkje vere medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen.

Desse er utelukka frå val til kontrollutval:

- ordførar og varaordførar
- medlemmer og varamedlemmer av formannskapet
- medlemmer og varamedlemmer av folkevald organ med myndigheit til ta avgjerd (merk at medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret likevel er valbare)
- medlemmer av kommuneråd
- medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité.
- tilsette i den aktuelle kommunen
- personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i
- personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap

Krav til kjønnsbalanse gjeld for kontrollutvalet.

